

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Dato: 17.08.2018
Vår ref.: 2016/34783-13
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Hamneset-Aurdal - planID 1263-201612 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 20.6.2018 om høyring av forslag til detaljregulering for Hamneset - Aurdal. Hovudføremålet i planen er fritidsbustad og naustområde. Føremålet er delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til fritidsbustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet. I samband med varsel om oppstart av planarbeid på gnr. 220, bnr. 10 på Hamneset i Lindås kommune varsla Hordaland fylkeskommune kulturhistorisk synfaring. Synfaringa vart utført 22.02.2017 og det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det er difor ikkje trong til ytterlegare registreringar i området.

Hordaland fylkeskommune ser at det er knytt føresegn til dei SEFRAK- registrerte bygningane, jf. § 3.1 punkt 1, og til grønstruktur vist som LF3, jf. § 5.1. Me er positive til at bygningane med tilhøyrande grønstruktur vert sikra i plan.

Hordaland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Strandsone

Reguleringsplanen legg til rette for to nye fritidsbustader og tre nye naust. Fritidsbustadene er i tråd med føremål i overordna plan, mens det ikkje er lagt inn nye naust i kommuneplanen. Vi har likevel forståing for at det er ønskeleg å etablere naust for å dekke behovet for dei nye fritidsbustadene i området.

Naust har ikkje den same ferdselshindrande verknaden som bustader og fritidsbustader, allmenta vil som regel kunne ferdast ved naust etter reglane i friluftsløva. For å sikre friluftssinteressene bør reguleringsplanen setje vilkår om at utbygging av naustområde skal ta omsyn til friluftssinteressene.

Nausta bør ha eit volum og ei utforming som er naturleg i høve til det føremålet nausta skal stetta, og at dei ikkje får preg av å vere ein fritidsbustad. I dei fleste tilhøve vil det vere tilstrekkeleg med berre ei høgd og eit enkelt loft på naustet. Det er viktig at naust har god tilpassing til landskap og bidreg til vidareutvikling av den lokale byggeskikken for naust. For å skåne landskapet bør det ikkje fyllast ut i sjø og farge- og materialval bør vere i tråd med lokal byggeskikk.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne, strandsone og naustbygging. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplansseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA